

Skorpo skule.

Om skulen i fyre hundraåret veit eg svært lite. Bestefar min, Michael Langballe, hadde ei tid privat skule for sine born. Ein av lærarane heitte Tjelldal. Han var frå Voss, og vart seinare prest i Amerika. Ein annan var Per Tendeland frå Nedstrand. Han vart seinare skulestyrar på middelskulen i Drøbakk. To rom på loftet heime, begge med skrätak, giv enno for Skoleverveset og Tendelands-kammerset. Far sin eldste bror les heime til studenteksamen og tok eksamen som privatist i Bergen då han var atten år. Far hadde ti sysken, og iallfall somme av dei hadde middelskole eksamen, og undervisinga hadde dei fått heime.

Men eg hugsar at far fortalde at han hadde gått på skule i Bestemorshuset, saman med born frå dei andre gardane.

Då eg gjekk i skulen brukte

vi emno den gamle tavla, liten og firkanta laga av fjøler. Vi hadde og gamle kart over den østlige og den vestlige halv-kugle.

I fyrstninga av dette hundraåret var der få born på Skorpo, og dei gjekk på skule i Uskedalen (Johannes og Olav Skuge Nils Kristoffer Skorpens Vågen og Kristine Skorpen og kanskje fleir.) Men då barnetallet vaks vart der eigen skule på Skorpo. Dei heldt då til i den eine stova hjå Nils Vågen, frå 1914? Ein av lærarane på den tid var Kjetil Sundal som budde på Kjerland. Eg trur det var i 1919 at skulen vart flytta til Bøgstova heime hjå oss, og der vart han verande. Skorpo var den einaste krinsen i Kvinnherad der kommunen ikkje bygde skulehus.

Men vi hadde ei koseleg skule-stove. Då huset skulle brukas til skule, vart ljøren setta att og det vart sett inn so store glas i sørveggen, attåt det som var frå før mot aust. Stova vart måla festleg smørgul med kvitt tak som gjekk heilt til mønet.

Pultane, skåpet og det vesle bordet til læreren, var blå eller blågrå. Då eg byrja i skulen hadde vi fem pultar, men ei stund måtte vi ha langbenk og bord bak ved veggjen. Då var vi fjortem barn i skulen. Seinare fekk vi et par pultar til, og pultane våre var av tre ulike modellar. I alle mine åtte år i folkeskulen sat eg alltid på fremste pulten, og eg var glad i pulten min. Han hadde ei fjøl framme til å kvila føtene på, for oss som var so små at vi ikkje nådde til golvet.

I vår skule var der sjølvsagt ikkje lærarrom og ingen leikeplass, men leiken gjekk vel like godt likevel. Elektrisk lys fekk vi ikkje på Skorpo før i 1954, og vi hadde heller ikkje parafinlampe i skulen, men ca 1930, fekk vi ein gammal hengelampe som forlengt var kassert på Tinghuset. Myrke vinterdagar, kunne vi ikkje lesa i bok i fyrste timen, men då hadde vi alltid kristendoms-kunnskap, og leksene hadde vi

pudding, so det gjekk bra narsom om
måndagen, for då skulle vi ha bibel-
lesing og i dei gamle nytestamenta var
skriifa både gammaldags og småstilt.

Dei fyrste åra, var det visst ikkeje
lett å få lærar til Skorpo. Vi skifta
iallfall ofte. Lærarane hadde hus og kost
heime hja oss, og eg hugsar mange av
dei med glede. Eines, seinare lærar på
Halsnøy kan eg ikkeje hugsa. Etterpå
kom Brynhild Eriksen Kviteberg,
Dagny Tøsse, Ingebrigt Hanekam, Sofie
Melskvit, Erik-lararson frå Fana og
Torvald Svoldal. Eg trur Svoldal var
på Skorpo i to vintrar, til han kom
inn på lærarskulen. Han var seinare
lærar på Karmøy. Då han var hos
oss hadde vi for første gong juletreffet,
og det hadde vi i alle år etterpå.
Eg var seks år då eg byrja i skulen,
men eg var ofte med i skuletimar
før den tid. Det var då berre nokre
steg dit. Eg hugsar enno første gongen
Dagny Tøsse ropte på meg og sa at eg

5.

måtte vera med i songtimen, for ho såg at eg sat utanfor med øyra til veggjen. Dette var vel ein njuks overgang til skule-situasjonen.

7. april
1923

Nett då eg byrja i skulen var Sigurd Haugland læraren vår, nokre veker. Då kom Erik Bråten og var der fram til sommarferien. Om hausten vart Olav Tjøsnes tilsett som lærar på Skorpo og i Nørdrepollen. Vi var svært glad for at vi hadde fått ein lærar med lærarskule, som vi hadde von om vilde bli verande i kringens.

Han budde på Tjøsnes og i alle dei år eg gjekk på skulen, reiste han alt og fram med open motorbåt. Eg kan berre hugsa ein gong han ikkje kom, då måtte han snu på halvvegen på grunn av is i Florsund. Både på Skorpo og i Nørdrepollen var der so få born at vi gjekk i samla skule, og vi gjekk i skulen kvar dag frå ni til fire, i fire veker om gongen. Vi hadde ein heil time middag

6.

og alle gjekk heim og fekk seg mat.

Vi hadde fri skulebøker i sjugeåra, berre skuleatlasen måtte foreldra betala. I trettiåra vart det slutt med fritt skulemateriell.

Vi byrja dagen med å synja ein salme. Eg var vel seks, sju år då eg ein gong spude om vi ikkje kunde synge:

"Eg i skulen gjeng og dreg glad avstad på skuleveg." Men det lykte ikkje. Fjernes gjekk av so tidleg på dagen.

I fyrste timen hadde vi kristendoms-kunnskap - bibelsoga, forklaring, kyrkjesoga eller bibellesing.

I andre timen skjønskrift eller rettskrift (då skrivi vi av stykke frå leseboka) eller diktat eller altforteljing.

I tredje timen hadde vi rekning, og sidan vi alle rekna på kvar sin stad i reknebøkene, var det travle timar for læraren. Rekning på tavla brukte vi ikkje.

Fyrste timen etter middag hadde vi lesing, men då fekk vi

27
og tid til å arbeida med andre ting:
kanskje skriva ferdig altforteljinga eller
rekna. Neste time kunde vera landkun-
soga eller naturfag. I siste time hadde
vi song, teikning eller grammatikk.

Dei yngste elevane fekk gå heim
ein time før dei andre. I siste timen
brukte læraren ofte å lesa for oss. Bøkene
av Jens Tveit likte vi aller best.

Èg minnest og dei mange kjekke
ulestimane vi hadde. Når det var nær
til det, siste vekene før sommarferien,
tok læraren oss med til sjøen på
bading, for han hadde sett seg føre
at alle hans elevar skulde kunna
synja før dei slutta skulen.

Stundom hadde vi alle tre
ettermiddagstimane ute, då hadde vi
med oss lesebøker, songbøker og
floraen.

Vi hadde skuleturar og,
og det var svære ting for oss
som skjeldan var over på fast-
landet. Fleire gonger gjekk vi til

hytta på Tolfjell. Ein gang reiste vi med læraren sin båt til Rosendal og gjekk til Ringeriks fossen i Muradalen. Frå den turen hugsar eg best alle paddene, for paddar hadde vi aldri sett før.

Når læraren reiste for å ha skule i Nordrepollen, gav han oss dugeleg med lekser til neste skuletur, stil, rekning og heimeskriving både i den eine og andre skriveboka. Han trudde kanskje at vi gjorde noko kvar dag med leksene, men det vart vel helst slik at vi sat nedfor med bøkene dei siste dagane før skulen skulle ta til igjen.

Eg trur at samla skule med barn frå 7 til 14 år er ei god skuleform. Vi hadde det kjekt i skulen. Vi lærde ganske mykje i skulen den gangen og, og vi var so heldige å ha ein god lærar.

Torvald Svoldal

Olav Ljones frå 1923.

Karen Haugse f. 1914.